



**VOLDA KOMMUNE**  
**Ordførar**

<b>FORSVARSDEPARTEMENTET</b>	
SAKNR.: 11/02825-01	
30 DES 2011	
ARKBET:	003
KASSERES 5 ÅR	
KASSERES 30 ÅR	
BEVARES	

Forsvarsdepartementet v/statsråden  
Glacisgata 1

0151 OSLO

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2009/229	11139/2011	X12	ORDF/ POL-AI	19.12.2011

### **MØRE OG ROMSDAL HEIMEVERNSDISTRIKT**

Ein melder med dette at Volda kommunestyre den 15.12.11 vedtok samrøystes å sende fylgjande uttale til Forsvarsdepartementet v/statsråden:

#### **Møre og Fjordane heimevernsdistrikt**

Møre og Romsdal fylkeskommune ser med sterk uro på Forsvarssjefen sitt forslag om å legge ned Møre og Fjordane heimevernsdistrikt 11 (HV 11). Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane har svært spesiell topografi med utfordrande kommunikasjon over fjell og fjord med tilhøyrande utsett infrastruktur.

Desse fylka har stor kraft- og energiproduksjon herunder store ilandføringsanlegg for gass. I tillegg ligg mykje av Noregs eksportindustri i desse fylka med tilsvarande behov for vern av menneske, eigedom og transportårer. Topografien gir fare for ras, skred og andre naturkatastrofar som kan gje enorme øydeleggingar.

Heimevernet er difor svært viktig og det er berre Heimevernet som kan stille tilstrekkeleg kapasitet på ulike område raskt nok når fare av ulik art truar. Det er difor feil å dele Heimevernet si leining av landsdelen mellom Værnes og Bergen. Lokal kunnskap og kompetanse på staden er avgjerande for at Heimevernet skal kunne løyse oppdrag i krig og kriser. Dette vert særleg understreka av fylka sin krevjande infrastruktur som er sårbar. Vi forventar støtte frå heimvernet når fare truar og lokalsamfunn treng hjelp. Med endring av dagens struktur som foreslått vil dette bli sterkt svekka om ikkje øydelagt.

I regjeringserklæringa, Soria Moria II, står det at det skal vere ei god balanse i forholdet mellom militær og sivil beredskap. Møre og Romsdal fylkeskommune ser på ei eventuell nedlegging av HV11 som eit brot på denne erklæringa.

Forslaget om at HV skal reduserast med 4 distrikt og ein reduksjon på 15000 soldater vil medføre at HV ikkje lenger vil være desentralisert og lokalt leia.

Dette vil svekke lokal kunnskap og tilhøyrighet, i tillegg til å øydelegge det etablerte sivil militære samarbeid som er opparbeidd.

Postadresse:  
Stormyra 2  
6100 Volda


postmottak@volda.kommune.no  
Telefon: 70058888  
Telefaks: 70058701

www.volda.kommune.no  
Org. nr: 939 760 946  
Bankgiro: 3991.07.81727

HV 11 er eit stort og komplisert distrikt med 17 områdesjefar, og reisetid på mange timar frå sør til nord. Distriktet samarbeider med to fylkesmenn, tre politimeistrar og 54 kommunar. Møre og Romsdal fylkeskommune er overbevist om at eit større HV distrikt vil svekke beredskapen i landsdelen.

Møre og Romsdal fylkeskommune krev at Møre og Fjordane heimevernsdistrikt vert vidareført og styrka.

Med helsing



Arild Iversen  
ordførar

Kopi til Utenriks- og forsvarskomiteen  
Stortinget



**VOLDA KOMMUNE**  
**Ordførar**

Forsvarsdepartementet v/statsråden  
Glacisgata 1

0151 OSLO

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2009/229	11139/2011	X12	ORDF/ POL-AI	19.12.2011

### **MØRE OG ROMSDAL HEIMEVERNSDISTRIKT**

Ein melder med dette at Volda kommunestyre den 15.12.11 vedtok samrøystes å sende fylgjande uttale til Forsvarsdepartementet v/statsråden:

#### **Møre og Fjordane heimevernsdistrikt**

Møre og Romsdal fylkeskommune ser med sterk uro på Forsvarssjefen sitt forslag om å legge ned Møre og Fjordane heimevernsdistrikt 11 (HV 11). Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane har svært spesiell topografi med utfordrande kommunikasjon over fjell og fjord med tilhøyrande utsett infrastruktur.

Desse fylka har stor kraft- og energiproduksjon herunder store ilandføringsanlegg for gass. I tillegg ligg mykje av Noregs eksportindustri i desse fylka med tilsvarende behov for vern av menneske, eigedom og transportårer. Topografien gir fare for ras, skred og andre naturkatastrofar som kan gje enorme øydeleggingar.

Heimevernet er difor svært viktig og det er berre Heimevernet som kan stille tilstrekkeleg kapasitet på ulike område raskt nok når fare av ulik art truar. Det er difor feil å dele Heimevernet si leing av landsdelen mellom Værnes og Bergen. Lokal kunnskap og kompetanse på staden er avgjerande for at Heimevernet skal kunne løyse oppdrag i krig og kriser. Dette vert særleg understreka av fylka sin krevjande infrastruktur som er sårbar. Vi forventar støtte frå heimvernet når fare truar og lokalsamfunn treng hjelp. Med endring av dagens struktur som foreslått vil dette bli sterkt svekka om ikkje øydelagt.

I regjeringserklæringa, Soria Moria II, står det at det skal vere ei god balanse i forholdet mellom militær og sivil beredskap. Møre og Romsdal fylkeskommune ser på ei eventuell nedleggjing av HV11 som eit brot på denne erklæringa.

Forslaget om at HV skal reduserast med 4 distrikt og ein reduksjon på 15000 soldater vil medføre at HV ikkje lenger vil være desentralisert og lokalt leia.

Dette vil svekke lokal kunnskap og tilhøyrighet, i tillegg til å øydelegge det etablerte sivil militære samarbeid som er opparbeidd.


---

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no	www.volda.kommune.no
Stormyra 2	Telefon:	Org. nr:
6100 Volda	70058888	939 760 946
	Telefaks:	Bankgiro:
	70058701	3991.07.81727

HV 11 er eit stort og komplisert distrikt med 17 områdesjefar, og reisetid på mange timar frå sør til nord. Distriktet samarbeider med to fylkesmenn, tre politimeistrar og 54 kommunar. Møre og Romsdal fylkeskommune er overbevist om at eit større HV distrikt vil svekke beredskapen i landsdelen.

Møre og Romsdal fylkeskommune krev at Møre og Fjordane heimevernsdistrikt vert vidareført og styrka.

Med helsing



Arild Iversen  
ordførar